

Utkast til tiltaksplan 2017

Lom nasjonalparklandsby



**Foto: Øvst: Kari Sveen- Til venstre: Mona K. Brenna:
Til høyre: Inger O. Sverkmo**

Prioriterte tiltak i 2017:

Nye tiltak:

1. Utvikling av Bergomsrunda som ein guida tur

Lom sentrum manglar pr. dags dato eit godt tilbod når det gjeld guiding langs natur- og kulturstigen «Bergomsrunda» i sentrum av Lom. Private aktørar har gjennomført guida turar ved etterspørsel, men det er behov for ein grundig gjennomgang dersom dette skal bli eit attraktivt og tilgjengeleg tilbod for folk flest.

I samarbeid med besøkssenteret Norsk Fjellsenter er det derfor ynskjeleg å sette fokus på dette i 2017.

Målsettinga er at besøkssenteret og samarbeidspartnarar skal ha eit ferdig manus og eit attraktivt guidetilbod som kan nyttast i sumarsesongen 2017 og framover.



Synfaring og guiding Bergomsrunda, november

2016.

Arbeidet går ut på å samle inn aktuell informasjon, utarbeide dette til eit eller fleire manus på ulike språk og sette dette saman med andre attraksjonar i sentrum, slik at det i sum utgjer eit attraktivt tilbod for besøkande.

Det kan bli aktuell å leige inn ekstern kompetanse på deler av arbeidet, men tiltaket vil også krevje ein god del eigeninnsats.

Norsk Fjellmuseum søker om støtte til dette, nasjonalparklandsbyen er med som samarbeidspart med eigeninnsats.

2. Ljossetting av Prestfossen:

Prestfossen i Lom ligg sentralt plassert mellom Norsk Fjellsenter og Bakeriet i Lom m/ fleire. Den er godt synleg frå brua, og har også fått auka merksemd på grunn av Prestfosstraversen til Aktiv i Lom (zip-line).

For å gjere fossen meir spektakulær har eldsjeler starta eit initiativ for å ljossette fossen. Dette vil særleg gjere den meir spektakulær på vinterstid, når det er på sitt mørkaste - og løfte nasjonalparklandsbyen ytterlegare som besøksstad. Tiltaket er eit spleiselag mellom det offentlege, private aktørar og friviljuge.



Budsjett: Totalt kr. 40 000.

Søker om tilskot på kr. 5000.

3. Tilrettelegging av utsiktspunkt langs kulturstigen Soleggen

I 2016 fekk Lom nasjonalparklandsby eit tilskot på kr. 65 000 for å ruste opp att den gamle kulturstigen til Soleggen.

Etter fleire synfaringar ser arbeidsgruppa at det vil løfte turen ytterlegare om det blir plassert sitteplassar på minimum to stadar undervegs.

Dette gjer at ein ser behov for å søkje om ytterlegare tilskot.

Budsjett: kr. 55 000,-

Søker om tilskot på kr. 40 000,-

4. Kompetanseheving reiselivsverksemdar

I 2016 vart det gjennomført kurs i digital marknadsføring med rundt 27 deltakarar. Attendemeldingane var positive, og det er derfor er det ynskjeleg å bygge vidare på dette i 2017 i samarbeid med destinasjonsselskapet Visit

Jotunheimen AS. Etter erfaringar frå kurset i 2016 ynskjer vi no å legge opp til to kurs i digital marknadsføring, eit for nybyrjarar og eit for vidarekomande.

I tillegg ynskjer vi å utvikle ein introduksjonsvideo for sesongarbeidarar i Lom kommune, som eit alternativ til vertskapskurs.

Bakgrunnen er at det er ofte vanskeleg å finne gode tidspunkt for å gjennomføre kurset, mens ein introduksjonsvideo på norsk / engelsk lett kan visast rundt i dei ulike bedriftene. Dette tiltaket er også i samarbeid med Visit Jotunheimen.

Budsjett: kr. 50 000 til kurs i digital marknadsføring
Søker om tilskot: 30 000

Budsjett: kr. 40 000 til introduksjonsvideo
Søker om tilskot på kr. 20 000.

5. Andre tiltak som må ferdigstillast i 2017

- Digitalisering av fotturar
- Implementering av ny merkevarestrategi, med nye skilt, brosjyrer m.m. (sjå tiltaksplanen frå 2016)
- Turskiltprosjektet, med ny skilting av turstigar rundt Fossbergom
- Kulturstigen opp til Soleggen, som nemnt over
- Fotografering og video av nasjonalparklandsbyen gjennom eit år, frå sumaren 2016 til sumaren 2017.

Budsjett, Lom - tiltaksplan 2017				
Tiltak	Budsjett	Tilskot	Eigne midlar / eigeninnsats / midlar frå andre	Kommentar:

			aktører	
1. Utvikling av Bergomsrunda			5000	Sjå søknad frå besøkssenter Norsk Fjellsenter
2. Ljossetting av Prestfossen	40000	5000	35000	*Friviljuge aktører, privat næringsliv, Visit Jotunheimen
3. Tilrettelegging av benker / utsiktspunkt Soleggen	55 000	40 000	15 000	
4. Kompetanseheving kurs	50 000	30 000	20 000	
5. Kompetanseheving introvideo	40 000	20 000	20 000	
Totalt	185000	95000	95000	